

FOKUS SANDEID

ÅRSMØTE 2009

i

Haugesund Sparebank sine møtelokaler i Sandeid

9. mars 2010

- **FRAMMØTE**

6 personar møtte (kun medlemmar av Fokus Sandeid)

- **OPNING**

Formann Frank Abelseth ønska velkommen

- **GODKJENNING AV SAKLISTE**

Saklista vart godkjent

- **VAL AV MØTELEIAR**

Frank Abelseth vart vald som møteleiar

- **VAL AV SKRIVAR**

Reimund Reime vart vald som skrivar

- **UNDERSKRIVING AV MØTEPROTOKOLL**

Kjell Ove Leite og Øyvind Rørtveit vart valde

- **GODKJENNING AV ÅRSMELDING**

Frank Abelseth les opp årsmeldinga, datert 07.03.10
Årsmeldinga vart godkjent.

- **GODKJENNING AV REKNESKAP**

Rekneskapet vart godkjent med ein saldo pr. 31.12.09 på kr. 23.348,50 og kasse på kr. 300.

- **INNKOMNE FORSLAG**

Det var ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

- **MATAUKE**

Me drakk kaffi og brus og åt frukt undervegs i møtet


- **VAL**


NAMN			Nye 2010
Frank Abelseth (på val)	Formann		
	Næring & læring		Terje Kambe (2 år)
	Næring & læring		
Kjell Ove Leite	Folk & fe	Ikkje på val	
Øyvind Rørtveit	Folk & fe	Ikkje på val	
	Ungdom & slikt		
	Ungdom & slikt		
Reimund Reime (på val)	Rekna & skriva		Jorunn Helgevold (2 år)
Liv Matre	Rekna & skriva	Ikkje på val	
Anne Jorunn Apeland (på val)	Kultur & fritid		Karl Otto Endresen (2 år)
Jostein Apeland	Kultur & fritid	Ikkje på val	

Følgjande personar går ut, og fekk ei flott skål for innsatsen: Frank Abelseth, Reimund Reime, Anne Jorunn Apeland, Hilde Abelseth (valnemnda).

Til neste styremøte den 7. april må valnemnda finne ny valnemnd.

Sandeid 15. mars 2010:


Kjell Ove Leite


Øyvind Rørtveit

Sandeid 07.03.10.

Årsmelding Fokus Sandeid – 2009

Formålsparagrafen til Fokus Sandeid;

Å arbeida for å styrka Sandeid i kampen om innbyggjarar, fritid, næringsliv, samhold og alt anna som er viktig for dei som bur der og som vurderer å bu der. Og samtidig styrka Vindafjord Kommune.

I Styret;

- | | | |
|-----------------|---|---|
| Formann | - | Frank Robert Abelseth |
| Næring & læring | - | |
| | - | |
| Folk & Fe | - | Kjell Ove Leite |
| | - | Øyvind Rørtveit |
| Ungdom & Slikt | - | |
| | - | |
| Rekna & Skriva | - | Liv Matre |
| | - | Reimund Reime |
| Kultur & Fritid | - | Jostein Apeland |
| | - | Anne Jorunn Apeland |
| Antall møter | - | 5 stk., i tillegg til møter med ulike aktørar |
| Saker på møtene | - | utvikling av www.sandeid.no |
| | - | Prøva å etablera ungdomsklubb |
| | - | Jobba med gatenavn og nr. i Sandeid |
| | - | Bidratt til julegrantenningsarr. |
| | - | Møte med initiativtakar og bidrag til pynting i Sandeid i sommar. |
| | - | Jobba for å aktivera drosjeløyve nr. 2 i Sandeid |
| | - | Tatt initiativ til og gjennomført møte med partar til arealet rundt Sandeid Samfunnshus |
| | - | Jobba for å etablera og synleggjera tomter i Sandeid |
| | - | Arbeider med badeplass på Hverven |
| | - | Tresitteplasser på 1000-års plassen |
| | - | Kystkulturdagane |
| | - | Båtopptrekk |
| | - | Ulike saker for Vindafjord Kommune's grendalag |
| | - | Turstian |
| | - | Skulekorps på 17. Mai |
| | - | Breiband/fiberkabel |
| Tips til saker | - | Drøsekveld om Sandeid |
| | - | Ulike Sandeidsprodukter (merkevarebygging) |
| | - | Bekle Sandeid på alle områder til det me ynskjer |
| | - | Tiltak for ungdom |

Hovedfokus 2009

Kystkulturdagane

Då stifinga gav seg, tok Fokus Sandeid på seg å arrangera Kystkulturdagane. Dagane gjekk svært bra, både når det gjaldt respons på programmet og overskot. Svært godt arbeid frå mange bidrog til det. Dette arrangementer er etter vår meining viktig for å verkeleg visa at me kan også i Sandeid, og det er samlande for bygda.

Utbygging av arealet rundt kunstgrasbanen

Fokus Sandeid gjorde eit grundig forarbeid, og inviterte alle involverte partar til felles møte, for å sjå om me kunne finna felles løysning. Det var godt oppmøte, og mykje vart diskutert og belyst. Dette har dessverre ikkje utvikla seg slik formannen i Fokus Sandeid ynskte i ettertid. Me må setja meir fokus på å snakka til kvarande enn om kvarandre.

Fokus Sandeid har pr. 31.12.09 kr 23.348,25 på bankkonto og kr 300,- i kasse.

Takk til alle som har deltatt i styret, valkomite, sponsorar, publikum osv. Det er etter vår meining behov for eit slikt organ, men berre den enkelte av oss kan gjera dette levande.

Helsing styret
Frank Robert Abelseth
Formann

REKNESKAP

FOR

FOKUS SANDEID

FOM. 01.01.09 TOM. 31.12.09

BANK:

Saldo pr. 01.01.09:	10.167,25
<u>Februar – 09:</u>	
Grannar A/L (annonse årsmøte)	-1.149,50
<u>Mai – 09:</u>	
Prinfo Intermedia/ Grafisk Senter (årleg vedlikeholdsavgift nettsida)	-4.423,75
Nettgirogebyr	-3,00
Haugaland Kraft ungdomsfond via Vindafjord kommune (til drift av nettsida)	5.000,00
<u>Juni – 09:</u>	
Vindafjord idrettslag (feilført frå VIL sin konto) Rekning frå Sandeid samfunnshus (leige av vestibyle 24.febr) skal dekkast av Fokus Sandeid	-2.000,00
Nettgirogebyr	-3,00
<u>Juli – 09:</u>	
Grannar AS (annonse: "Eit ennå finare Sandeid")	-1.105,50
<u>September – 09:</u>	
Del av dugnad Kystkulturdagane 2009	4.840,00
<u>November – 09:</u>	
Vindafjord kommune (driftstilskot til grendautval 2009)	2.000,00
Vindafjord kommune (støtte til Kystkulturdagane 2009)	10.000,00

<u>Desember – 09:</u>	
Kreditrenter	26,00
SUM:	23.348,50

KASSE:

Saldo pr. 31.12.09 (som i årsmøtet 2007 og 2008):	300
---	------------